

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 22.04.16
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Kenneth Eikeset

SAKA GJELD: Endring Folgefonn DPS

ARKIVSAK:
STYRESAK: 021/16

STYREMØTE: 29.04.2016

Administrerende direktør si orientering pkt. 9

Endring ved Folgefonn DPS, Klinik for psykisk helsevern, har følgd oppsett plan. Etter vedtak i styremøte 21.12.15, sak 88/15A, er døgntilbodet ved Folgefonn DPS redusert frå 16 til 12 senger og lokalisert ved Folgefonn DPS Valen. Døgnposten ved Folgefonn DPS Odda er lagt ned med verknad frå 18.03.16, og ressursane vil framover bli nytta til å styrkje og utvikle poliklinisk og ambulant behandlingstilbod ved poliklinikk FDPS Odda - i samsvar med nasjonale føringar og befolkninga sitt behov. Klinik for psykisk helsevern har overført 4 stillingar frå døgnavdeling FDPS Odda til poliklinikk/ambulant team ved FDPS Odda. I tillegg vert legespesialstressursen ved poliklinikken auka med 50 %. Poliklinikken skal vidare styrkjast med lokal leing i Odda. Det er også gjort ei styrking med stillingressurs til BUP feltet i Odda.

Frå 2016 inngår poliklinikken i eit samhandlingsteam med kommunane i Indre Hardanger, med vekt på førebygging og tidleg intervensjon i høve til rus og psykiske lidingar hjå unge og vaksne. I tillegg vert det samarbeid om oppfølging av personar med alvorleg, langvarig og komplisert rus- og psykisk lidning.

Omlegginga har vore gjennomført i samsvar med føretaket sine retningslinjer for endringsprosessar og med brei involvering av medarbeidarar, tillitsvalde og verneteneste. I høve endringa er det gjennomført individuelle samtalar med medarbeidarane ved døgnpost

Folgefonn DPS Odda og ny innplassering er drøfta med tillitsvalde/verneteneste. Medarbeidarar som var omfatta av endringa har fått tilbod om nye stillingar og alle har akseptert. Det er utført ei kompetansekartlegging. På bakgrunn av denne vil det bli gjennomført kompetansehevande tiltak for medarbeidarar som går frå arbeid i døgnpost over til poliklinisk og ambulant verksemd. Omlegging av drifta er sett i verk frå 01.04.16.

Styret i Helse Fonna HF vil bli informert om evalueringa som blir gjort av endringane.